
Fra: Eilin Houlison Molvik
Sendt: 18. mars 2016 14:32
Til: 'ottar@lintrans.ne'
Emne: Vedrørende søknad om oppføring av rubbhall på eignedom gbnr. 116/15
Vedlegg: kartutsnitt gbnr 116_15 50 meter byggegrense FV57.pdf

Til Ottar Lauvås

Vi viser til dykkar e-post datert 12.02.2016.

Vi har gått gjennom innsendt dokumentasjon. Vi viser til vårt brev datert 09.12.2015 der følgjande dokumentasjon vart etterspurt:

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

- 1. Det må søkjast om dispensasjon for oppføring av tiltak innanfor 50-meters byggegrense langs Fv 57 jf. § 1.6 i gjeldande kommuneplan.*
- 2. Dispensasjonsøknanden skal nabovarslast.*
- 3. Vi ber om dykkar vurdering med omsyn til vedlagt nabomerknad.*
- 4. Det må leverast inn oppdatert situasjonsplan der det går fram kva av tiltaka som er rubbhall og kva som er opent overbygg/carport. Tiltaka skal vere målsett. Det skal førast på minste avstand til nabogrense frå kvart av tiltaka, det skal førast på minste avstand til vegmidte FV 57 frå kvart av tiltaka. De kan nytte vedlagt kartutsnitt.*
- 5. Vi ber om attendemelding på kor lenge tiltaka vert ståande når dei er oppførte.*

Punkt 3 og 5 anser vi som ok.

Når det gjeld punkt 1. så ligg delar av rubbhallen innanfor 50 meters byggegrense langs FV 57 og det må søkjast om dispensasjon frå byggegrensen, byggegrensa gjeld uavhengig om det frå før er oppført ein bygning mellom FV57 og den midlertidige rubbhallen.

Vi har lagt ved eit kartutsnitt der byggegrense på 50 meter frå vegmidte til FV 57 er lagt inn som gråskravert område. Delar av rubbhallen vert plassert i strid med byggegrensa og det må difor søkjast om dispensasjon.

Når det gjeld punkt 2 så har vi vurdert det slik at det ikkje er naudsynt med ny nabovarsling av dispensasjonsøknad frå byggegrense FV 57 då naboar er gjort kjent med tiltaka som er omsøkt.

Når det gjeld punkt 4 så er det på oppdatert situasjonsplan påført minsteavstand til nabogrense opplyst til 4 meter, men det er ikkje påført ytre hovudmål på rubbhallen.

Til orientering

Det er per no berre søkt om dispensasjon for oppføring av rubbhall, det er ikkje søkt om løyve til oppføring av rubbhallen

Med helsing

Eilin H. Molvik, rådgjevar

Ikkje send svar direkte på denne e-posten.

Svar eller førespurnadar rettast til: postmottak@lindas.kommune.no

Tenk miljø før du skriv ut denne e-posten.

Er meldinga motteke hjå feil adressat, ver venleg å slette den frå postsystemet.